

HERØY  
kommune



Foto: Adobe Stock

# Høyring om skule- strukturen i Herøy

Høyringsdokument



EI BÅTLENGD FØRE

## Innholdsliste

1. Bakgrunn for høyringa .....	1
2. Styringsdokumenta som ligg til grunn for høyringsprosess og sak.....	1
3. Skular som vert omfatta av endringa .....	1
4. Kommunale planar som omhandlar saka .....	2
4.1 Kommunedelplan for Myrvåg/Dragsund .....	3
5. Mål for endringa .....	3
6. Elevantviklinga .....	3
6.1 Elevantvikling ved dei barneskulane som er omfatta av høyringa .....	5
6.2 Elevantvikling ungdomstrinna .....	6
7. Bygningsmessige forhold .....	8
7.1 Stokksund skule.....	8
7.2. Ytre Herøy ungdomsskule .....	8
7.3 Moltu skule .....	8
7.4 Leikanger skule .....	8
7.5 Godkjenning av skulebygg etter forskrift om miljøretta helsevern .....	9
8. Vurderingar av barnets beste.....	9
9. Pedagogiske konsekvensar .....	10
9.1. Kvalifikasjonsforskrifta i grunnskulen.....	10
9.2. Rekruttering .....	11
9.3. Likeverdige tilbod til alle elevar.....	11
9.4. Organisering av undervisning ved dei fådelte barneskulane skuleåret 2024–25 .	12
9.5. Organisering av tilbod om styrka norskopplæring for minoritetsspråklege elevar .....	14
9.6 SFO .....	15
10. Sosiale konsekvensar .....	16
10.1. Elevar på årstrinn fordelt på gutar og jenter.....	17
10.2. Elevundersøkinga .....	17
11. Skulen og nærmiljøet .....	18
12. Økonomiske konsekvensar .....	18
12.1. Netto rekneskap opplæring og drift 2023, per skule.....	19

12.2. Kostnader for eigedomsavdelinga, basert på rekneskap 2023 .....	19
12.3. Elevar fordelt på trinn ved samanslåing av ungdomsskulane:.....	21
12.4. Innsparing på barnetrinn og på ungdomstrinn, ved samanslåing .....	21
12.5. Lærarnorm .....	22
13. Moglege endringar knytt til bruk av privat skule .....	23
14. Skuleskyss .....	24
15. Nærskuleprinsippet og kringsgrenser .....	25

## 1. Bakgrunn for høringa

Kommunestyret handsama 26. september 2024 sak om endring av skulestruktur, og gjorde slikt vedtak: «**Kommunestyret ber administrasjonen greie ut dei økonomiske, pedagogiske og sosiale konsekvensane av å slå saman barneskulane i Indre Herøy, og å slå saman ungdomsskulane til ein felles ungdomsskule**».

Med dette som bakgrunn, starta administrasjonen planlegginga av høyringsprosessen.

Sidan Herøy kommune har forskriftsfesta kringsgrenser, legg ein til grunn både samanslåing av skular og endring av kringsgrenser i ei og same sak. Høyringsprosessen tilseier derfor tilstrekkeleg høyringsfrist, i tråd med forvaltningsrettslege prinsipp.

## 2. Styringsdokumenta som ligg til grunn for høyringsprosess og sak

- Forvaltningslova
- Opplæringslova
- Kommunelova
- Rundskriv om behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser (Utdanningsdirektoratet 2-2012, sist endra 01.08.24)
- Barnekonvensjonen, kapittel 3 nummer 1
- Justisdepartementet: Forskriftsarbeid i kommunar
- Rettleiar frå LUFSS om gjeldande forvaltningsreglar ved skulesamanslåingar

Sak om skulesamanslåing er ikkje enkeltvedtak, og kjem dermed ikkje inn under forvaltningslova kapittel IV om saksførebuing ved enkeltvedtak, kapittel V om vedtak og kapittel VI om klage og omgjerung. Ein legg likevel til grunn forvaltningsrettslege prinsipp om at saka skal vere forsvarleg utgreidd før vedtak vert fatta.

## 3. Skular som vert omfatta av endringa

- Leikanger skule
- Moltu skule
- Stokksund skule
- Ytre Herøy ungdomsskule

Herøy kommune har forskriftsfesta kringsgrenser, jamfør opplæringslova § 2.6:

*“Elevane har rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skulekrinsar.” (utdrag)*

Høyringa omfattar dermed ei endring av forskrift slik:

A) Leikanger skulekrins, Moltu skulekrins og Stokksund skulekrins vert samanslått til ein og same barneskulekrins.

Endringa medfører at tidlegare vedtak om forskrifter til kringsreguleringar vert oppheva. Det har gjennom åra frå 1966 vore mange større og mindre justeringar i kringsgrenser i indre (til dømes Notøy, Tjørvåg, Flåvær). Den siste i 2009, då elevar frå Myrvåg vart flytta til Stokksund.

B) Indre Herøy ungdomsskule (no Stokksund skule 8.-10. trinn) og Ytre Herøy ungdomsskule vert samanslått til ein og same ungdomsskulekrins.

Endringa medfører at vedtak i Herøy skulestyre, 2. desember 1966, vert oppheva.

Kommunen vel å handsame sak om skulesamanslåing og endring av forskrift om kringsgrenser i ei og same sak, og sender denne samla på høyring. Handsaminga følgjer forvaltningslova kapittel VII, og retningslinjer for forskriftsarbeid i kommunar (Justisdepartementet).

## 4. Kommunale planar som omhandlar saka

Ifølgje den vedtekte planstrategien for kommunen, skal det utarbeidast ein skulebruksplan i planperioden:

*“Skulebruksplan*

*Framskrivningar viser at tala på barn og unge går nedover, og den pressa kommuneøkonomien gjer det nødvendig å sjå på korleis den framtidige skulestrukturen i kommunen skal vere.”*

Samfunnsdelen av kommuneplanen omtalar skulebygga slik:

*“Herøy kommune har utfordringar knytt til fysisk skulemiljø for inneklima og universell utforming. Fleire av skolane i Herøy har manglar og vil krevje langsiktige investeringar for å nå krava i Forskrift om miljøretta helsevern.”*

#### 4.1 Kommunedelplan for Myrvåg/Dragsund

Planen er under arbeid, og det vert foreslått å setje av eit areal til skule og fleirbrukshall. Myrvåg/Dragsund er eit sentralt vekstområde både for bustadbygging og arbeidsplassar, og det er naturleg å bygge ein ny skule akkurat her. Dette vil i så fall kunne bli den nye barneskulen for indre deler av kommunen, i staden for Stokksund.

### 5. Mål for endringa

Elevar i grunnskulane i Herøy skal ha eit likeverdig opplæringstilbod i kommunen, som tek i vare overordna målsetjing for opplæringa definert i lov og forskrift og lokale prioriteringar slik:

- Elevar og tilsette har funksjonelle skulebygg som støttar opp under og inspirerer til realisering av læreplanen.
- Skulen har kompetanse som femner om breidda i opplæringa, styrker det profesjonsfaglege fellesskapet og organisering av fagleg utvikling.
- Skulane skal vere attraktive arbeidsplassar, som sikrar rekruttering av kompetent personell.
- Det skal sikrast god tilgang og funksjonalitet for alle.
- Skulen skal tilpassast endra økonomiske rammevilkår, utan at kvalitet og innhald vert svekka.
- Sikker skuleveg og trygg skuleskyss skal leggjast vekt på.

### 6. Elevantviklinga

Elevtalet i grunnskulen har gått gradvis nedover dei siste ti åra. Tal henta frå GSI (grunnskolens informasjonssystem) viste eit samla elevtal i den offentlege grunnskulen på 1093 i 2013. For skuleåret 2024–25 er talet nede på 927 elevar. Dette er ein nedgang på 15 prosent, og nedgangen er størst ute i krinsane. Det er fleire årsaker til nedgangen. Det blir fødd færre barn, det er låg tilflytting og mange elevar nyttar privat skule. I 2024 er 114 elevar med bustadadresse i Herøy elevar ved privat skule i kommunen, der 57 av desse høyrer til krinsane som er omfatta av denne høyringa.


Talet på elevar som byrja på skulen har, med berre nokre unntak, gått ned kvart år i perioden 2013–2024. I 2013 byrja 128 elevar i første klasse. I 2024 er talet nede på 86

elevlar. Dette viser ein nedgang på 32,8 prosent. Dersom prognosane for dei neste fem åra held seg oppe, kan det bli ein nedgang på heile 38 prosent i perioden 2013–2029.

(Alle tal som er brukte i utrekning av elevtalsutviklinga og prognosar er gjort med grunnlagsdata henta frå GSI per 2024).

### Elevtalsutvikling i grunnskulen i Herøy 2013–2024:

År:	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Elevtal	1093	1089	1064	1052	1061	1037	1007	971	942	955	938	927



### Førsteklassingar 2013–2024:


Fødd år	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Skuleår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Bergsøy	44	45	46	33	49	32	36	51	28	38	36	30
Nerløy	7	7	9	12	10	13	12	15	6	8	7	14
Moltu	13	5	3	9	5	8	2	8	4	3	3	3
Leikanger	16	13	7	12	5	7	5	5	4	7	0	3
Stokksund	10	10	9	10	5	13	11	3	6	2	10	6
Einedalen	38	22	26	21	35	26	19	24	26	20	26	30
<b>1.tr. totalt</b>	<b>128</b>	<b>102</b>	<b>100</b>	<b>97</b>	<b>109</b>	<b>99</b>	<b>85</b>	<b>106</b>	<b>74</b>	<b>78</b>	<b>82</b>	<b>86</b>



## Prognose for førsteklasingar 2025 – 2029:

Fødd år	2019	2020	2021	2022	2023
Skuleår	2025-26	2026-27	2027-28	2028-29	2029-30
Bergsøy	36	45	36	42	37
Nerløy	12	8	7	11	8
Moltu	5	2	9	7	3
Leikanger	8	9	5	2	1
Stokksund	8	5	9	3	9
Einedalen	30	17	25	15	21
<b>1.tr. totalt</b>	<b>99</b>	<b>86</b>	<b>91</b>	<b>80</b>	<b>79</b>

## Førsteklassingar fordelt på dei ulike skulane 2013–2029:



### 6.1 Elevtalsutvikling ved dei barneskulane som er omfatta av høyringa

Det har vore stor nedgang i elevtalet dei siste ti åra ved dei barneskulane som er omfatta av denne høyringa . Dersom prognosen held seg oppe, vil det i perioden 2025–2029 vere ytterlegare nedgang i elevtala. I perioden 2013–2029 ligg elevtalet an til å bli:

**Moltu skule:** Frå 50 elevar i 2013 til 32 elevar i 2029, ein nedgang på 36 prosent.

**Leikanger skule:** Frå 70 elevar i 2013 til 28 elevar i 2029, ein nedgang på 60 prosent.

**Stokksund 1.–7. trinn:** Frå 96 elevar i 2013 til 50 elevar i 2029, ein nedgang på 28,5 prosent.




## Elevtalsutvikling 1.–7. trinn ved Moltu, Leikanger, Stokksund 2013–2024:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>Moltu 1.-7.</b>	50	52	46	51	48	45	43	36	37	37	37	29
<b>Leikanger 1.-7.</b>	70	79	71	78	68	67	62	49	41	47	33	29
<b>Stokksund 1.-7.</b>	96	94	84	81	71	80	66	59	54	47	48	47

## Prognose for vidare elevtalsutvikling 2025–2029:

	2025	2026	2027	2028	2029
<b>Moltu 1.-7.</b>	28	28	29	32	32
<b>Leikanger 1.-7.</b>	32	36	36	31	31
<b>Stokksund 1.-7.</b>	46	40	46	44	50



## 6.2 Elevtalsutvikling ungdomstrinna

Elevtala ved dei to ungdomsskulane har til saman gått ned frå 2013 og fram til i dag. Størst har nedgangen vore ved Stokksund skule. Ved Ytre Herøy ungdomsskule har elevtalet variert litt over år, og sjølv om elevtalet ved skulen inneverande skuleår ligg høgre enn i 2013, viser prognosane nedgang i elevtalet i åra som kjem. Dersom prognosane held seg, ligg det an til å bli om lag 268 elevar totalt på ungdomstrinna i 2029.

I perioden 2013 – 2029 ligg elevtalet an til å bli:


- Stokksund skule 8.–10. trinn: Frå 71 elevar i 2013 til 42 elevar i 2029, ein nedgang på 40,8 prosent.
- Ytre Herøy ungdomsskule 8.–10. trinn: Frå 250 elevar i 2013 til 216 elevar i 2029, ein nedgang på 13,6 prosent.

#### Elevtal 2013–2024:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
<b>YHU 8.-10.</b>	250	239	226	229	246	252	239	225	222	254	241	263
<b>Stokksund 8.-10.</b>	71	73	83	74	76	59	61	65	69	63	58	54

#### Prognose for vidare utvikling 2025–2029:

	2025	2026	2027	2028	2029
<b>Yhu 8.-10.</b>	254	246	236	217	216
<b>Stokksund 8.-10.</b>	60	53	54	53	52



## 7. Bygningsmessige forhold

Ein legg til grunn at elevane ved Stokksund skule 8.–10. trinn vert flytta til Ytre Herøy ungdomsskule, og det vert etablert ein felles ungdomsskule for kommunen. Det vert like eins etablert ein felles barneskule som får nytte heile arealet på Stokksund skule.

Ein legg vidare til grunn ei organisering av barneskulen med 1.–4.trinn og SFO på den nyaste delen av Stokksund skule, og 5.–7.trinn på den eldste delen av skulen.

### 7.1 Stokksund skule

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2025 er det lagt inn investeringsmidlar til nødvendige tiltak for utbetring på den eldste delen av bygget. Planlagde tiltak er oppgradering av toalett, utbetring av skulekjøkken, nye innvendige branndører og oppgradering av gymnastikksal. Den nyaste delen vert vurdert som god og utan behov for ytterlegare tiltak.

### 7.2. Ytre Herøy ungdomsskule

Ein legg til grunn gjennomføring av nødvendige tiltak på Ytre Herøy ungdomsskule, i tråd med kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2025. Dette omfattar utbetring av ventilasjon og varme i tråd med kartlegging av inneklimate, samt delvis oppgradering av elektriske anlegg. Kommunedirektøren har elles lagt inn midlar til større oppgradering/renovering av skulen i økonomiplanperioden. Tiltaka er ikkje ein konsekvens av struktursaka, men har vore planlagde over tid og må uansett gjennomførast.

### 7.3 Moltu skule

Det meste av fasaden på skulen er oppgradert med ny kledning, vindauge og solskjerming, og det er gjort ein del oppgradering av overflater innvendig. Tiltak som må gjerast i løpet av dei næraste åra er: setje opp nytt gjerde, skifte fasaden/veggen mot aust (vindauge og kledning), skifte golvet på SFO, forsterke pålane på påbygget.

Bygget har ikkje ventilasjon, og er heller ikkje universelt utforma.

### 7.4 Leikanger skule

Skulen har eit forholdsvis nytt tilbygg, med klasserom, møtesal og kjøkken både for skule og andre brukarar. Det er ikkje gjort spesifikke tiltak på den gamle delen av

skulen, heller ikkje i gymnastikksalen/grendehuset. Skulen vert vurdert å vere i god stand. Barnehagen held til i kjellaren på gamlebygget, og idrettslaget har klubbhus og garderober i tilknytning til nybygget.

Det vil framover vere behov for slike bygningsmessige tiltak: Avløp – må grave og legge nye rør, deler av belysninga må over på LED, enkelte vindauge må skiftast.

### 7.5 Godkjenning av skulebygg etter forskrift om miljøretta helsevern

Kommuneoverlegen gjennomførte i 2008/2009 ei kartlegging av barnehage- og skulebygg etter forskrift om miljøretta helsevern. Kommunestyret vedtok godkjenning eller ikkje, i tråd med kommuneoverlegen sine tilrådingar.

Stokksund skule vart godkjent som skulebygg. Etter den tid er det gjennomført ei rekkje tiltak så som påbygg i overgangen mellom gammalt og nytt bygg, det er skifta vindauge, etablert solskjerming, ny taktekking, drenering og asfaltering på uteområdet, ny el-kjel og nytt SD-anlegg for styring av varme og ventilasjon. Uteområdet er også utbetra.

Leikanger skule vart ikkje godkjent. Ved tilbygget som har kome til seinare, er det meste av manglane utbetra.

Moltu skule vart ikkje godkjent. Her er det utført utbetringar på gjerde mot veg, og fasade og overflater, men fleire av manglane kommuneoverlegen påpeikte, er det ikkje gjort noko med, så som ventilasjon/inneklima og moglegheiter for tilkomst for funksjonshemma.

Ytre Herøy ungdomsskule: Nybygget vart godkjent, men ikkje den eldste delen av skulebygget. Den største mangelen var knytt til ventilasjon, noko som ikkje er vesentleg utbetra. Det er heller ikkje gjort noko med dårleg lydisolering mellom enkelte rom.

## 8. Vurderingar av barnets beste

FNs barnekonvensjon stadfestar barn sine rettar, uavhengig av funksjonsnivå. I § 23 vert også retten til å leve fullverdige og anstendige liv vektlagt, under forhold som sikrar barna sin verdi og fremjar aktiv deltaking i samfunnet.

Barnekonvensjonen artikkel 3 og artikkel 12, Grunnlova § 104 og forvaltningslova § 17 gir alle barn rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, og at barnets beste skal takast omsyn til.

Utdanningsdirektoratet utarbeidde i 2017 ein eigen rettleiar for bruk av barnekonvensjonen i sakshandsaming. Rettleiaren gir retningslinjer for kva som er grunnlag for vurdering, og korleis slike vurderingar skal gjerast på individ- og gruppenivå.

Omsynet til barnet er ein rett, eit grunnleggande omsyn og ein regel i sakshandsaminga. Denne skal alltid vurderast. Barnets beste-vurdering i større saker, som planarbeid, vil ikkje bli gjort på individnivå, men på systemnivå. I ein overordna plan som til dømes skulestruktur og kringsgrenser, vil det ikkje kunne bli gjort enkeltvurderingar for kvart barn.

For å kunne ta omsyn til barnets beste i denne saka, vil det bli sett av tid til barns medverknad. Det vert utarbeidd eit eige opplegg for gjennomgang med elevråda på skulane Moltu, Leikanger, Stokksund og Ytre Herøy ungdomsskule. Målet med denne oppfølginga er at elevane skal få høve til å formidle sitt syn og sine tankar om samanslåing av skular.

I vurdering av barnets beste ser vi elles på barn i grunnskulen i Herøy under eitt. Dette betyr at vi vurderer fordelinga av ressursar per elev for dei ulike skulane, og viser her til eigen tabell under kapittelet om økonomi.

## 9. Pedagogiske konsekvensar

Alle elevar i grunnskulen i Herøy har gode læringsmiljø, tilrettelagt av dyktige tilsette. Når vi skal vurdere pedagogiske konsekvensar av å slå saman skular, ser vi derfor på kva utfordringar både skuleeigar, leiing og tilsette må handtere for å lykkast med å oppretthalde gode læring for alle elevar også i framtida.

### 9.1. Kvalifikasjonsforskrifta i grunnskulen

Forskift til opplæringslova krev at ein må ha 60 studiepoeng i faga norsk, matematikk og engelsk for å undervise i desse faga på ungdomsskulen og 30 studiepoeng i dei andre undervisningsfaga. For barneskulane gjeld 30 studiepoeng i alle undervisningsfag.

Lærerutdanninga har gjennom åra blitt lagt om. Frå å utdanne den tidlegare allmennlæraren med brei fagkompetanse, til ei meir spesialisert utdanning med høgare kompetanse på eit smalare fagfelt. Dette gjer at det vert utfordrande å ha forskriftsmessig kompetanse i alle fag på ein liten skule.

## 9.2. Rekruttering

Over fleire år har det vore ein utfordrande rekrutteringssituasjon både i ungdomsskulen og i dei små barneskulane målt opp mot krava til undervisningskompetanse i alle fag. For ungdomsskulen på Stokksund ser vi at det vert vanskeleg å ha tilgjengeleg brei nok fagkompetanse til å dekke alle fagbehova og samtidig greie å legge ein fornuftig timeplan for elevar og lærarar. Dette handlar om at det er få tilsette som til saman skal dekke alle faga i alle klassar. Fordi det også er få elevar, blir tilbodet innan valfag og språkval avgrensa. Det gjeld tilsvarande for dei fådelte barneskulane. Timeplanen går ikkje opp med få lærarar i høve undervisningskompetanse. Utfordringane vert forsterka til mindre eininga er.

I barneskulen er fagkrava lågare i tal på studiepoeng. Det er likevel rekrutteringsutfordringar fordi det er naudsynt å arbeide i klassar med fleire trinn samanslått. Det krev meir planlegging og tilrettelegging av undervisningsøktene der ein, til tross for få elevar, har eit aldersspenn på fleire år. I tillegg vert det gitt uttrykk for at sterke fagmiljø og gode profesjonsfaglege fellesskap er viktige faktorar for rekruttering.

## 9.3. Likeverdig tilbod til alle elevar

Det er viktig at endringar ikkje gir eit dårlege tilbod for elevane, men heller aukar kvaliteten på opplæring og miljø. Det handlar om å auke handlingsrommet til skuleeigar for å bygge sterkare kompetansemiljø ved den enkelte skulen, styrke samhandlinga og gi betre utviklingsvilkår for skuleleiinga. Det handlar også om å medverke til eit effektivt driftsnivå i grunnskulen.

Elevane har rettar etter opplæringslova, som skal sikre at dei får eit godt og tilpassa opplæringstilbod. Dette skal gjere dei i stand til å meistre livet og delta aktivt i samfunnet. Det betyr at det skal gjerast vurderingar på individnivå, men også på gruppe- og skulenivå for å svare ut krava i lova. Ein må fordele ressursane på ein rettferdig måte mellom einingane for at tilbodet skal bli likeverdig for både elevar og

tilsette. Samstundes må ein fordele etter dei ulike behova einingane til ei kvar tid har, som spesialundervisning og styrkings- og delingstimar.

I dag får ikkje alle ungdomsskuleelevane eit likeverdig tilbod på alle område. Elevane på den største ungdomsskulen har langt fleire valfag og språkfag å velje i, noko som gir variasjon i undervisninga. Lokaliseringa tilseier også eit tettare samarbeid med arbeidslivet, gjennom tema og prosjekt der ein treng nærleik og tilgjengelegheit.

#### 9.4. Organisering av undervisning ved dei fådelte barneskulane skuleåret 2024–25

Norma for lærartettleik (innført i 2017) seier at det skal vere maksimalt 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn og 20 elevar per lærar på 5.–10. trinn. Lærartettleiken ved ein skule heng saman med talet på elevar ved skulen. Normalt vil det vere større lærartettleik (færre elevar per lærar) ved ein liten skule enn ved ein større skule. Kostnaden vert følgjeleg også høgare. (Jamfør tabellen under punkt 12 Økonomi).

For å ta ned kostnadane i fådelte skular, må fleire årstrinn gå saman. Tabellane under viser frekvensen på timar der årstrinn må gå saman ved barneskulane som er omfatta av denne høyringa.

#### Årstrinn som går saman i løpet av veka:

Moltu skule:	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
<b>1. time</b>	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl
<b>2. time</b>	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl. 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl
<b>3. time</b>	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl
<b>4. time</b>	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl 6.7.kl
<b>5. time</b>	1.2.3. kl	1.2.3. kl	1.2.3. kl	1.2.3. kl	



	4.5 kl 6.7.kl	4.5 kl 6.7.kl	4.5 kl 6.7.kl	4.5 kl 6.7.kl	
<b>6. time</b>	4.kl 6.7.kl	5. kl. 6.7.kl	5.kl 6.7.kl	1.2.3. kl 4.5 kl. 6.7.kl	

<b>Leikanger skule</b>	<b>måndag</b>	<b>tysdag</b>	<b>onsdag</b>	<b>torsdag</b>	<b>fredag</b>
<b>1. time</b>	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1. kl 3.4. kl 5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl
<b>2. time</b>	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6. kl 7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6. kl 7. kl
<b>3. time</b>	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3.4. kl 5. kl 6.7. kl	1.3. kl 4.5. kl 6. kl 7. kl	1.3.4. kl 5.6.7. kl	1.3.4. kl 5. kl 6.7. kl
<b>4. time</b>	1.3.4.5. kl 6.7. kl	1.3.4. kl 5.6.7. kl	3. kl 4.5. kl 1.6. kl (faddertime) 7. kl	1.3.4. kl 5.6.7. kl	1.3.4. kl 5.6.7. kl
<b>5. time</b>	1.3. kl 4.5. kl 6.7. kl	1.3.4. kl 5.6.7. kl	1. kl 3.4. kl 5.6.7. kl	1.3. kl 4. kl 5.6.7. kl	1.3.4.5.6.7. kl (bibliotek- time)
<b>6. time</b>		4. kl 5. 7. kl	5.6.7. kl	6.7. kl	

Stokksund skule	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
<b>1. time</b>	3.4. kl 5.6. kl	5.6. kl	3.4. kl 5.6. kl	3.4. kl 5.6.	3.4. kl 5.6. kl
<b>2. time</b>	3.4. kl 5.6. kl	3.4. kl 5.6. kl	5.6. kl	3.4. kl 5.6. kl	5.6. kl
<b>3. time</b>	5.6.7. kl	1.2. kl 3.4. kl 5.6. kl	5.6. kl	5.6. kl	3.4. kl 5.6. kl
<b>4. time</b>  <b>4. time forts.</b>	1.2. kl 5.6. kl	5.6. kl	1.2.3.4. kl 5.6. kl	1.2. kl 3.4. kl 5.6. kl	1.2. kl 5.6. kl 8.9.10. kl (valfag)
<b>5. time</b>	3.4. kl 1.7. kl 5.6. kl	1.5. kl 5.6. kl	1.2.3.4. kl 5.6. kl	5.6. kl	5.6.7. kl 8.9.10. kl (valfag)
<b>6. time</b>	5.6. kl	5.6. kl	5.6. kl		8.9.10. kl (valfag)

### 9.5. Organisering av tilbod om styrka norskopplæring for minoritetsspråklege elevar

Denne opplæringa varierer ut frå kor mange elevar med behov for styrka norskopplæring ein til ei kvar tid har på skulane og kor langt dei er komne i si norskopplæring. Per 15.11.24 har vi slikt tilbod på Nerlandsøy, Bergsøy Blåhaugen, Bergsøy 5–7, YHU, Einedalen og Stokksund. Dette er ein rett barn med anna morsmål enn norsk har, så lenge dei ikkje har norskkompetanse nok til å følgje ordinær opplæring. Den største gruppa som får slik opplæring no, er flyktningbarn frå Ukraina, men vi har svært mange andre språkgrupper representerte i skulane i Herøy.

Elevar har størst moglegheit for å oppleve god inkludering i klasse og nærmiljø dersom dei får skuleplass og styrka norskopplæringa ved nærskulen der dei bur. Å spreie ressursane til mange skular, gjer at opplæringa vert kostbar og ein må dermed redusere talet på undervisningstimar per elev.

Ei samanslåing til ein ungdomsskule vil auke tilbodet til elevar i ungdomsskulealder, då ein kan tilby fleire timar med styrka norskopplæring, med same bemanning.

Elevar med behov for styrka norskopplæring i skulane Moltu, Leikanger og Stokksund vil få om lag det same tilbodet som dei har no ved ei samanståing, sidan det per no ikkje bur elevar med slike behov i alle krinsane. Ein vil få synergieffekt når minoritetsspråklege elevar vert busette på Moltu eller i Leikanger krins.

## 9.6 SFO

*“Kommunen skal ha tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn..... Kommunen skal leggje til rette for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i skulefritidsordninga. Aktivitetane skal vere tilpassa alderen, funksjonsevna og interessene til barna. I skulefritidsordninga skal barna få omsorg og bli passa godt på, og barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår” (opplæringslova § 4-5).*

I Stortingsmelding 6 *“Tett på - tidleg innsats og inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO”* som kom i 2020, blir ei nasjonal evaluering av SFO omtala i kapittel 8.1.1. Denne avdekkjer stort sprik i SFO-tilbodet landet over. Som følgje av den igjen kom *“Nasjonal rammeplan for SFO”* i 2021, og la klare føringar for eit meir likeverdig tilbod, både nasjonalt og lokalt.

For at barna på SFO skal få eit tilfredsstillande og likeverdig aktivitetstilbod som dekkjer behova deira – uansett alder, kjønn og funksjonalitet – krev det at tilbodet har nok ressursar i form av vaksentettleik og kompetanse. SFO er til ei viss grad finansiert gjennom foreldrebetaling, noko som igjen skaper forventningar om eit breitt og likeverdig aktivitetstilbod for barna. Når SFO-eininga kjem under 15–20 barn, slik som tilfellet er no ved Leikanger og Moltu SFO, utløyser det ikkje økonomiske ressursar til fleire vaksne heile tida. Dette fører til at ein vaksen må ta hand om barna åleine store delar av ettermiddagen. Dette fører til mindre variasjon i aktivitetar slik rammeplanen legg opp til, og svekka HMS-miljø for både barn og tilsette.

## Ressursar i SFO per 1. oktober 2024:

Avdeling	Tal på barn	Tilsette	Tilført ekstra	Ope morgon	Ope ettermiddag	Forklaring
Stokksund sfo	20	3,33	29 timar/veka	07.30-08.00	13.00-16.15	To barn 1:1
Moltu sfo	10	1,33	9 timar/veka *	07.30-08.30	13.15-16.30	For å oppretthalde opningstid.
Leikanger sfo	11	2	15 timar/veka	07.30-08.20	13.05-16.30	Ett barn 1:1
<b>Sum slått saman</b>	<b>41</b>	<b>6,66</b>				

Grunnbemanning ved samanslåing: 2,73 tilsette (pluss eventuelle barn med 1:1-behov)

### Kommentar:

- Norm: 1 tilsett per 15 barn. Barn med særskild behov kan utløyse 1:1-ressurs. Det kjem i tillegg til norm, og vert ekstra kostnad, uavhengig av struktur.
- Barnetalet i dei tre avdelingane per 1. oktober 2024 (GSI) utløyser ikkje to vaksne heile opningstida. Det betyr at det er berre ein vaksen store delar av SFO-tida.
- For å oppretthalde SFO i små avdelingar, tilfører kommunen ekstra ressursar.
- Innsparing ved samanslått SFO basert på norm og tilført ekstra: (med unntak av elevar som har bemanning 1:1): 0,8 stilling, cirka 350 000 kroner.

## 10. Sosiale konsekvensar

Eit viktig arbeid i skulen er å etablere gode miljø i elevgruppa. Eit godt klasse- og skulemiljø legg grunnlaget for god læring. Små skular med tette og oversiktlege miljø er ofte trygge og gode for mange elevar. Men det er også slik at nokre elevar ikkje finn seg til rette i dei små miljøa og manglar vener. For desse elevane vil ein større skule gi dei fleire val. Slik sett er det ikkje grunnlag for å hevde at ein liten skule er betre eller dårlegare enn ein større.

Ved ei samanslåing av skular til færre einingar, vil helsesjukepleiarar ha kapasitet til auka trefftider ved skulane. Det same gjeld kapasiteten til dei tverrfaglege teama.

Ved ei samanslåing av skular er det viktig å hugse på at barn brukar lenger tid enn dei vaksne på å etablere seg i nye miljø. Det er viktig å bruke tid på å innarbeide det nye elevmiljøet ved å bygge nye relasjonar på ein systematisk måte. Dersom dette ikkje skjer, kan det få store pedagogiske konsekvensar. Eit utrygt miljø gir ikkje rom for læring. Læringsmiljøet og relasjonar mellom elevar, og ikkje minst mellom elevar og lærarar, er viktige faktorar i ein god skule. Slikt arbeid krev tid og bør være eit samarbeid mellom skulen, heimane og elevane i god tid før ei eventuell samanslåing av skular.

### 10.1. Elevar på årstrinn fordelt på gutar og jenter

(Kjelde: GSI per oktober 2024)

Leikanger	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	Samla
gutar	3	0	5	3	1	2	4	18
jenter	0	0	2	1	4	3	1	11
Samla	3	0	7	4	5	5	5	29

Moltu	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	Samla
gutar	1	1	0	3	2	1	3	11
jenter	2	2	3	1	6	1	3	18
Samla	3	3	3	4	8	2	6	29

Stokksund	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn	5. trinn	6. trinn	7. trinn	Samla
gutar	4	6	1	2	0	1	1	15
jenter	2	4	1	4	3	10	8	32
Samla	6	10	2	6	3	11	9	47

### 10.2. Elevundersøkinga

Elevundersøkinga blir gjennomført kvart år på 7. og 10. trinn. Det er frivillig for elevane å delta. Undersøkinga kan også tilbyast på 8. og 9. trinn. Når resultatet kjem, er dei

verna av skjermingsreglar. Det vil sei dersom elevtalet i ei klasse eller gruppe er så lågt at svara til elevane kan identifiserast, blir resultatet skjerma med stjerne\* (f.eks. 5\*).

Når skuleleiar eller skuleeigar får tilgang til tal som er skjerma i offentleg visning, skal ikkje tala delast eller visast fram til andre enn dei som treng informasjonen for å yte tenester. Det kan vere FAU, foreldre, andre skular, presse, eller andre utanfor skulen. Dette gjeld også i samband med innsynskrav.

Det offentlege resultatet av elevundersøkinga ved barneskulane Moltu, Leikanger og Stokksund er alle verna av skjermingsreglar, og resultatata som handlar om til dømes trivsel, læringsmiljø og mobbing kan ikkje delast offentleg.

## 11. Skulen og nærmiljøet

Skulen kan vere ein viktig sosial arena i nærområdet, og kan fungere som møteplass for barn, familiar, lag og organisasjonar. På denne måten kan skulane utgjere ein viktig del av infrastrukturen i lokalmiljøa, og dermed vere viktig for bulyst og trivsel.

Nedlegging av skulen vil kunne bety noko for det sosiale samhaldet og redusere attraktiviteten. Dette kan verte spesielt utfordrande for bygdesamfunn med få innbyggjarar, der skulen fungerer som samlingspunkt.

For Leikanger vil dette kunne bli særleg merkbart, i og med at skulen og grendahuset er i same bygg. Moltu har grendahus i eige bygg.

For elevane som flyttar til større skular, kan fordelene vere å få tilgang til større elevmiljø, fleire vener og fleire sosiale aktivitetar, noko som kan gi auka trivsel og betre læring. Samtidig vil ein kunne sjå utfordringar knytt til skuleskyss for dei som får lengst veg.

## 12. Økonomiske konsekvensar

I rammetilskotet frå staten (2024), får vi slik overføring for barn i grunnskulen:

6–12 år: 150 790 kroner

13–15 år: 145 082 kroner

Det betyr at skular med utgifter per elev over denne satsen, brukar meir pengar enn det kommunen mottar per elev. Dei betyr igjen at andre skular må bruke mindre, for å vege opp. Vi viser derfor to tabellar over utgifter per elev ved drift av skulane, samt ein tabell som viser samla utgifter pr elev for alle områda. Balanseverdi er ikkje medrekna, sidan dette vil variere alt etter alder på skulen og kva investeringstiltak som har fått prioritet.

### 12.1. Netto rekneskap opplæring og drift 2023, per skule

Skule	Rekneskap	Elevtal	Kostnad pr elev
Moltu	5 565 790	29	191 924
Leikanger	5 552 146	29	191 453
Nerlandsøy	7 427 170	73	101 742
Stokksund	14 794 157	101	146 477
Einedalen (inkludert base)	18 088 077	173	104 555
Bergsøy (modulbygg + Blåhaugen)	31 776 507	259	122 689
Ytre Herøy ungdomsskule	27 669 852	263	105 208
<b>Snitt</b>			<b>119 605</b>

I disse tala ligg lønn, materiell, utstyr, straum, skuleskyss

### 12.2. Kostnader for eigedomsavdelinga, basert på rekneskap 2023

(Kjelde GSI per oktober 2024)

Skule	Reinhald	Forsikring	Byggdrift	Sum	Elevtal	Sum pr elev
Moltu skule	200 000	15 000	65 000	280 000	29	9 655
Leikanger skule	400 000	50 000	150 000	600 000	29	20 690
Nerlandsøy skule	237 600	19 000	100 000	356 600	73	4 885
Einedalen skule	1 069 200	123 000	620 000	1 812 200	173	10 475
Bergsøy skule	1 163 000	130 000	410 000	1 703 000	259	6 575
Stokksund skule	1 188 000	89 000	520 000	1 797 000	101	17 792
Ytre Herøy u.skule	1 128 600	110 000	500 000	1 738 600	263	6 611



### Samla kostnad per elev per skule

Skule	Eigedom	Skule	Samla
Moltu	9 655	191 924	201 579
Leikanger	20 690	191 453	212 143
Nerlandsøy	4 885	101 742	106 627
Stokksund	17 792	146 477	164 269
Einedalen	10 475	104 555	115 030
Bergsøy	6 575	122 689	129 264
Ytre Herøy ungdomsskule	6 611	105 208	111 819

Vi ser at kostnaden per elev aukar der det er få elevar å dele dei faste kostnadane på. Det gjeld både storleiken på areal for reinhald, vedlikehald og straum, samt storleiken på elevgrupper per lærar.

Tabellane under viser estimerte innsparingar ved samanslåing av skular.

Vurderingane er gjort utifrå elevtal, og korleis klasser kan organiserast ved samanslåing slik at det vert fleire elevar pr lærar. Det er også sett på bruken av timelærarar til til dømes norskopplæring og spesialundervisning, der ein ved samanslåing kan legge til rette for at fleire barn som har tilnærma like behov, kan få undervisning saman i grupper.

### 12.3. Elevar fordelt på trinn ved samanslåing av ungdomsskulane:

**Skuleår: 2025–26:**

Elevar frå:	8. trinn	9.trinn	10. trinn
Leikanger	5		
Moltu	6		
Stokksund	9	15	25
Einedalen	28		
Bergsøy	40		
Nerlandsøy	11		
YHU		100	75
<b>SUM</b>	<b>99</b>	<b>115</b>	<b>100</b>
<b>Klasser</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>5</b>

### 12.4. Innsparing på barnetrinn og på ungdomstrinn, ved samanslåing

Estimert innsparing samanslåing barnetrinn, heilårs

Tiltak	Estimert beløp
2 rektorstillingar	2 000 000
3,5 lærarstillingar	3 000 000
Assistentressurs	500 000
Straum	230 000
Reinhald, byggdrift	800 000
<b>Brutto innsparing kommune</b>	<b>6 530 000</b>
Fråtrekk skuleskyss	455 000
Fråtrekk grunnskuletilskot	1 030 000
<b>Netto innsparing kommune</b>	<b>5 045 000</b>

## Estimert innsparing samanslåing ungdomstrinn, heilårs

Tiltak	Estimert beløp
1 assisterande rektor-stilling, deltid 40 %	350 000
4 lærarstillingar	3 500 000
Assistentressurs	500 000
<b>Brutto innsparing</b>	<b>4 350 000</b>
Fråtrekk skuleskyss 40 elevar	350 000
<b>Netto innsparing</b>	<b>4 000 000</b>

Kommentar:

Sidan både Stokksund skule og Ytre Herøy ungdomsskule skal ha full drift ved samanslåing, vert det ingen endring i kostnader for straum, reinhald, forsikring og byggdrift. Heller ikkje fråtrekk for grunnskuletilskot.

### 12.5. Lærarnorm

Tabellen under viser bemanninga i skulane i Herøy sett opp mot den statlege lærarnorma. Denne er basert på Utdanningsdirektoratet si utrekning etter GSI-rapportering per 1. oktober 2023, og rapport for 1.–4.trinn, 5.–7.trinn og 8.–10.trinn. Bemanning til mellom anna spesialundervisning er ikkje med i grunnlaget, sidan dette er ein variabel som følgjer enkeltelevar. Tala viser at bemanninga er betre enn norma ved alle skulane, men størst ved dei minste skulane. Å ta ned bemanninga ytterlegare ved dei minste skulane, betyr at endå fleire årstrinn må få undervisning saman i endå fleire fag. Dei største barneskulane ligg marginalt over norma.

Nasjonal norm er 15 elevar per lærar på 1.–4. trinn, 20 elevar per lærar på 5.–10. trinn.

Skule	Trinn	Status	Årsverk over	Årsverk under
<b>Bergsøy</b>	1.-4.	14,1	0,1	
	5.-7.	19,1	0,2	
<b>Einedalen</b>	1.-4.	14,9	0,1	
	5.-7.	19,6	0,1	
<b>Leikanger</b>	1.-4.	7,5	1	
	5.-7.	9	1,1	
<b>Moltu</b>	1.-4.	9,6	0,7	
	5.-7.	6,7	1,9	
<b>Nerlandsøy</b>	1.-4.	13,4	0,3	
	5.-7.	12,4	1,1	
<b>Stokksund</b>	1.-4.	9,3	0,8	
	5.-7.	12,5	0,8	
	8.-10.	15,2	1,3	
<b>YHU</b>	8.-10.	17,9	1,8	
<b>Sum</b>			11,3	0

Å slå saman skular medfører reduksjon i bemanning: både lærar, assistent og rektor. Det er på dette området ein kan sjå ei innsparing i grunnskulebudsjettet. I tillegg kjem innsparing knytt til byggdrift og reinhald.

Reduksjon i bemanning vil i hovudsak ikkje medføre oppseiingar, sidan det er stor «turn-over» i skulane. Dette på grunn av både høg snittalder og fleire permisjonar kvart år. Ei samanslåing av skular vil ha ein positiv økonomisk konsekvens, både som innsparing og som ei meir rettferdig fordeling av ressursar og eit likeverdig tilbod.

### 13. Moglege endringar knytt til bruk av privat skule

Kommunen får eit trekk på 74 788 kroner per elev i privat skule, jamfør frie inntekter i statsbudsjettet for 2025.

Det er vurdert kor vidt ei samanslåing av kommunale skular vil resultere i auka bruk av privat skule, og dermed redusere dei estimerte innsparingane.

Ved den årlege ressurstildelinga til skulane, vert det lagt til grunn ein timeressurs på 1,4 time i veka per elev. Dette utgjer grunnressursen. Ressursar til spesialundervisning, ekstra norskopplæring med meir kjem i tillegg.

Døme: Dersom 19 elevar vel privat skule i staden for offentleg skule, kan vi vise reduserte inntekter og utgifter slik:

Trekk for elevar i privat skule, 74 788 kroner x 19 = 1,4 millionar kroner

Innsparing i redusert personell for 19 elevar: 1,4 time i veka x 19 = 26,6 time i veka. Dette er noko over timetal for undervisning i ei 100 prosents lærarstilling. 19 elevar tilseier oftast også noko timar til fagarbeidar/assistent.

100 prosents lærartimar	950 000 kroner
-------------------------	----------------

60 prosents fagarbeidar barn og unge	350 000 kroner
--------------------------------------	----------------

<u>Totalt</u>	<u>1,3 millionar kroner</u>
---------------	-----------------------------

Eit nedtrekk vil dermed vere cirka 100 000 kroner meir enn innsparinga ein får i personell ved færre elevar.

## 14. Skuleskyss

Retten til skuleskyss er regulert i opplæringslova § 4.1, som lyder:

*“Elevar på 1.trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn to kilometer frå skulen. Elevar på 2.-10.trinn har rett til gratis skyss dersom dei bur meir enn fire kilometer frå skulen. Elevar har rett til gratis skyss dersom ein del av vegen er særleg farleg eller vanskeleg”.*

I eit folkehelseperspektiv er det eit mål at flest mogleg av elevane skal gå/sykle til og frå skulen. Ei samanslåing av skular vil medføre at fleire elevar enn i dag må skyssast i buss. Reisetida vil vere medverkande til korleis ein opplever dette. I vurderinga av kva

som er akseptabel reisetid, må gangtid og tid med transportmiddel sjåast i samanheng. Ein må også ta med i vurderinga kor lang ventetid eleven har før og etter skuletid. Eit godt opplegg for skyss, i tett samarbeid med fylkeskommunen, vil vere viktig for å få ned ei samla reisetid.

Skuleskyss får ein økonomisk konsekvens, som er trekt frå i samla oppsett over økonomisk innsparing, etter tal innhenta frå fylkeskommunen.

#### Skuleskyss – døme på konsekvens for elevane ved samanslåing:

Alle elevar ved Moltu og Leikanger skular vil ha rett på skyss etter opplæringslova.

(Strekningar maks lengde og minimum lengde):

Leikongvegen 508–Stokksund skule: 12 kilometer/12 minutt pluss tid ved stopp

Jøsokvegen 556–Stokksund skule: 16 kilometer/17 minutt pluss tid ved stopp

Moltuvegen 613–Stokksund skule: 9,2 kilometer/10 minutt pluss tid ved stopp

Munkestranda 2–Stokksund skule: 4 kilometer/4 minutt pluss tid ved stopp

## 15. Nærskuleprinsippet og kringsgrenser

Opplæringslova § 2-6 gir elevane rett til å gå på ein skule i nærmiljøet. I ordet nærmiljø ligg ikkje berre avstand, men også tilknytning. Regelen inneber at barn som bur i same området, skal få gå saman på skulen.

Ein kombinasjon av offentleg og privat skuletilbod vil splitte barnegrupper. Slik er det også i dag, både i Leikanger krins og Moltu krins.

Kommunen kan gi forskrifter om skulekrinsar, noko Herøy kommune har gjort gjennom tidene. Første vedtak om kringsgrenser for ungdomsskular vart gjort i 1966, ved etablering av to ungdomsskular i kommunen. For barneskulane har det vore endring av kringsgrenser fleire gongar, flest i ytre Herøy. Samanslåing av skular, medfører at kommunen må endre forskrift om kringsgrenser. Derfor omfattar høyringa og saka også dette.

*“Kommunane skal fordele elevane mellom dei tilgjengelege skulane, med utgangspunkt i den fysiske avstanden mellom bustadadressa til barnet og skulen” (Prop. 57 L (2022–2023), proposisjonen om opplæringslova)*